



RUNAR GILBERG

Kald trekk

Somme gonger, som Odd Børressen ville sagt om han snakka nynorsk, somme gonger må ein våge å ha det ubehageleg på kort sikt for å få det ålreit på lang sikt. Det veit vi som set oss idrettslege mål ganske mykje om.

Utan dei tøffe motbakkeøktene vil merket i Birken fort ryke. Utan dei lange seige turane kan vi sjå langt etter å fullføre maratonlopet med stil. Det gjeld å gjera det som skal til, enten det sluddar eller blæs, ja ta turen ut sjølv på dei dagane ein har meir lyst til å flate ut på sofaen og sjå verdscuprenn på tv.

Ein gong eg sprang Ultra-trail Mont Blanc vart det gradvis meir vind og lægre temperatur jo meir eg nærma meg det høgste punktet, Grand Col Ferret. Eg hadde ekstra klede i sekken, men utsette i det lengste det å stanse og ta på langbukse og jakke. Til sist var eg så nummen om hendene at eg visste eg ikkje ville få på meg ekstratøyet sjølv om eg stansa.

Heldigvis gjekk det bra. Eg var skikkeleg nedkjøla da eg passerte toppen, men fekk varmen i meg att da eg kom ned i dalen på andre sida. Ein lærepenge vart det likevel – om å gjera noko før det er for seint å setje inn tiltak.

Protestar

Det siste trekvart året har ganske mange protestert mot den nye løpslisensen som Norges Friidrettsforbund innførte frå 1. januar 2014. Somme har teki det ubehaget det er å protestere mot eit forbund som bruker makta si til gjera det dyrare å arrangere og delta i løp. Det er vorti protestert via både sosiale og mindre sosiale media, somme manar til boikott og lagar lister over løp utan lisens medan andre får fram måtar arrangørane kan styre unna Friidrettsforbundet si penge-innkrevjing.

Det enklaste for både løparar og arrangørar vil vera å ikkje bry seg: Betale dei 30 eller 50 ekstrakronene til Forbundet og stille opp i dei løpa ein har lyst til å springe. Eller vera lydig arrangørklubb og overføre 3000 eller 300 000 kroner så snart løparane er i mål.

Det er det dei som har innført lisensen vonar på, at dei skal få fri tilgang til pengesekken utan at nokon bryr seg. Slik vil dei vera sikra ei millioninntekt for all framtid – eller i alle fall til trenden om å delta i løp snur, noko ei slik lisensordning stimulerer til.

Tek vi ikkje det vesle protestubehaget no, kan vi fort måtte leva med lisensubehag i lang tid. Blir det ikkje gjort noko som merkes no det første året, blir ordninga fort ein etablert pengemaskin. Er vi mange nok som tek oss bryt det er med å protestere mot ordninga og jobbar for at så mange løp som mogleg skal vera lisensfrie, så kan langtids gevinsten for både trimglede og folkehelse



Heder til Holmestrand: Thomas Pinås i Holmestrand Maraton fekk påtale frå Friidrettsforbundet sjølv om han gav bort overskottet til Aktiv mot kreft. Vil nokon markere sin støtte til Pinås og sprin ge lisensfritt, er det berre å reise til Vestfold-byen 5. april.

bli så stor at det er bryt verdt.

Let vi det skure, har både arrangørar og mosjonistar tapt – og ikkje minst trua på at det går an å forhindre urett. For slik eg ser det, er det ein urett å påleggje mosjonistar ein lisens dei ikkje ser seg tent med.

Kjeppar i hjula

Nyleg sendte Friidrettsforbundet ut eit brev til alle norske kommunar der dei oppmoda kommunane til å prioritere løp med lisens når dei skulle leggje til rette for mosjonsløp, blant anna for å vera sikra at «inntekter fra slike arrangement går til å styrke den frivillige idretten i kommunen».

Slik kan altså sanninga snuast på hovudet, for det blir ikkje meir pengar att til frivillig idrett i Stavanger av at GTI må sende store deler av overskottet av 3-sjøersløpet til

Friidrettsforbundet sentralt i Oslo.

Ei oppmoding om å prioritere nokon vil samstundes vera ei oppmoding om å ned-prioritere andre. Indirekte er difor brevet frå Friidrettsforbundet ei bønn til kommunane om å stikke kjeppar i hjula for dei mange idealistane som arrangerer løp utan lisens.

Ei slik holdning gjer meg ikkje særleg lysten til å bidra til at pengestraumen som går frå lokale klubbar til Friidrettsforbundet sentralt, blir enda større.

Eg skal ikkje her og no proklamere at eg ikkje vil delta i lisensløp i 2014, men står valet mellom Råskinnet med lisens eller Sognsvann Rundt Medsols utan lisens nokre dagar før eller seinare, vil eg ikkje vera i tvil.

Utan ein innsats no er det ikkje sikkert vi kjem oss over til den varmare dalen på andre sida av fjellet.



Står valet mellom Råskinnet med lisens eller Sognsvann Rundt Medsols utan lisens, vil eg ikkje vera i tvil.